

• Internasjonal handel

Handelsavtale kan firedoble utsleppa frå kjøtt

Meir import av storfekjøtt frå Sør-Amerika kan firedoble utsleppa per kilo og annullere myrforbodet, viser FN-tal.



Importeffekt: Ei opning for importkvotar på 2000 tonn storfekjøtt frå Sør-Amerika vil auke utsleppa av klimagassar meir enn utsleppa frå 50.000 personbilar eller overgå heile ef

Norge og dei andre EFTA-landa er i innspurten på forhandlingane om ein handelsavtale med fleire land i Sør-Amerika, dei såkalla Mercosur-landa.

Brasil, som er ein av verdas største eksportørar av storfekjøtt, er blant landa i Sør-Amerika som pressar på for å få tollkutt eller handelskvotar på storfekjøtt. Får dei gjennomslag for det, så vil utsleppa per kilo storfekjøtt kunne bli firedobla samanlikna med om storfekjøttet blir produsert i Norge eller andre land i Vest-Europa.

Det viser FN-rapporten «*Tackling climate change through livestock*».

Fire gonger meir CO₂

Forskjellane i klimautslepp per kilo storfekjøtt er nemleg svært store rundt i verda. Medan utsleppa per kilo storfekjøtt er rekna å vere på rundt 18 kilo CO₂-ekvivalentar i Norge og Vest-Europa, så er utsleppa i Sør-

Amerika rekna å vere fire gonger større, rundt 72 kilo CO₂ per kilo kjøtt.

Forskjellane kjem ifølgje forskarar frå ein kombinasjon av betre dyrehelse, raskare vekst, betre føring og betre stell her i landet enn i mange land med tropisk klima. I tillegg gir endra arealbruk, der regnskog i Sør-Amerika blir omdanna til beiteområde, stor klimautslepp.

2000 tonn = 50.000 bilar

Auka import av storfekjøtt frå Mercosur-landa vil dermed gi kraftig auke i klimautsleppa globalt. Viss den gjennomsnittlege importen av storfekjøtt i perioden frå 2015 til 2017 hadde kome frå Sør-Amerika, så ville det gitt over 1 million tonn meir i CO₂-utslepp per år enn om tilsvarende mengde var produsert her i landet. Det tilsvarar dei årlege utsleppa frå over 500.000 personbilar med fossilt drivstoff.

Sidan den tid har den norske

produksjonen av storfekjøtt auka og importen er redusert. Prognosen for 2019 viser eit importbehov på 3000 tonn storfekjøtt utover importkvotane som Norge alt er forplikta til på vel 9000 tonn.

Skulle forhandlingane med Mercosur-landa føre til ein auke i importkvotane på til dømes 2000 tonn storfekjøtt, så vil det ifølgje FN-tala kunne gi over 100.000 tonn i auka CO₂-utslepp samanlikna med at kjøttet var produsert her i landet.

Det tilsvarar utsleppa frå over 50.000 fleire personbilar årleg,

ifølgje Transportøkonomisk institutt (TØI), eller meir enn heile utsleppsreduksjonen som Nibio ventar eit forbod mot nydyrking av myr kan gi dei neste ti åra.

– Tap-tap-tap-situasjon

Landbruksforskar Christian Anton Smedshaug, som er dagleg leiar i AgriAnalyse, seier det vil vere både overraskande og uklokt om regjeringa opnar for meir import av storfekjøtt frå Sør-Amerika.

– I ein situasjon der vi veit vi har ein av dei mest klimaeffektive produksjonane av storfekjøtt

i verda, og der det også i eit ressursperspektiv er best å ha produksjonen her i landet, så vil det vere ein tap-tap-tap-situasjon å opne for meir import av storfekjøtt frå Sør-Amerika. Meir import vil gi auka klimautslepp, dårlegare ressursbruk og tapt verdiskaping, seier Smedshaug.

Han viser til stor gjengroing i Norge og at storfe kan bidra til å redusere gjengroinga her i landet.

– I Sør-Amerika er det stikk motsett. Der kan dei med fordel roe ned presset på areala. Både klima og ressursbruk talar mot auka import, seier Smedshaug og viser til at kvegdrifta i Sør-Amerika er rekna å vere ei av årsakene til avskoging og tap av regnskog.

Smedshaug kallar det paradoksal om det skulle bli opna for import av kjøtt med fire gonger høgare klimaavtrykk samtidig som regjeringa og bondeorganisasjonane nettopp har inngått ein avtale om å redusere klimautsleppa. Der er målet ein samla reduksjon

– Trippel negativt

«Meir import vil gi auka klimautslepp, dårlegare ressursbruk og tapt verdiskaping.»

Christian Anton Smedshaug, dagleg leiar i AgriAnalyse

